

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
066/19	Formannskapet	PS	28.08.2019
054/19	Heradsstyret	PS	25.09.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Marie Koksvik Thorsen	15/3075

## Ny selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS frå 2020

### Vedlegg:

Selskapsavtale pr. 01.01.2020 (2) (L)(25733) (004)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Osterøy kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Osterøy kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.»

### Formannskapet - 066/19

#### FS - behandling:

##### AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

#### FS - vedtak:

Formannskapet si innstilling:

«Osterøy kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Osterøy kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.»

### Heradsstyret - 054/19

#### HS - behandling:

##### AVRØYSTING

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

**HS - vedtak:**

«Osterøy kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Osterøy kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.»

**Saksopplysningar:****Saksopplysningar:****Bakgrunn**

Den 30. april 2019 gjorde representantskapet ved Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS vedtak om og fremje forslag om endring i selskapsavtala frå 01.01.2020. I same møte vedtok ein og framlegg til eigarbrøk samt ny tilskotsmodell.

Tilskotsmodellen tek utgangspunkt i eit grunnbeløp som er likt for kvar eigarkommune i tillegg til eit fast kronebeløp for kvar innbyggjar ut frå tal frå SSB pr. 1 januar føregåande år.

Eigarbrøk utgår frå samla innbetalt tilskot og vert justert kvart 4 år på bakgrunn i endringar samt inn og utmeldingar i selskapet.

**Vurdering***Økonomiske konsekvensar:*

Tilskot til selskapet vert i ny tilskotsmodell eit fastbeløp på 91 667 samt 3,15 kr. pr. innbyggjar.

Dette fører til at Osterøy kommune frå 2020 skal yte eit eigartilskot på 116 949,-

Dette vert ei reduksjon på 24 713,- i frå 2019. Reduksjonen skuldast at ordning av arkiv ikkje skal dekkast av eigartilskotet lenger. I ny avtale vert dette tilbydd gjennom ei oppdragsavtale der ein betalar for utført arbeide. Osterøy kommune kan nytte frigjorte midlar til å teikne oppdragsavtale. Osterøy kommune sin eigardel i selskapet vert endra frå 3,63 % i 2019 til 4,0 % frå 2020. Dette skuldast at eigardelen føl tilskotet og at eigarbrøken skal fordelast på færre eigarar.

Folkehelse – ikkje vurdert i saka.

Miljø – ikkje vurdert i saka.

Økonomi – sjå vurdering ovenfor.

### **Konklusjon**

Skal selskapsavtala endrast, er det ein føresetnad at det vert gjort likelydande vedtak i alle eigarane sine kommunestyre. Ny selskapsavtale er ikkje gjeldande før den er godkjend i føretaksregisteret.

Om det ikkje vert vedteke ny selskapsavtale innan 1. januar 2020 vil gamal avtale gjelde og gamal tilskotsmodell vert lagt til grunn fram til ny er vedteke.